

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Styret for Fagskolen Vestland</b>
<b>Møtestad</b> :	Nettmøte
<b>Dato:</b>	01.09.2023
<b>Tid:</b>	Kl 09-11

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet. Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til [wenche.irene.setrevik.jensen@vlfk.no](mailto:wenche.irene.setrevik.jensen@vlfk.no). Innkallinga gjeld valde medlemmer i styret for Fagskolen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kl. 09-0915      Orientering frå rektor  
KL 0915-        Sakshandsaming

Sigurd Erlend Reksnes  
Styreleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv-saknr</b>	<b>U.off</b>
GK 08/23	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 09/23	Godkjenning av møteprotokoll frå 28.04	2022/486	
<b>Referatsaker</b>			
RS 06/23	Kvartalsrapport Økonomi	2022/486	
RS 07/23	Val av ny studentrepresentant	2022/486	
<b>Vedtaksaker</b>			
VS 07/23	Kapasitet ved studiestader	2022/486	
VS 08/23	Løyve til å søkje NOKUT om fagområdeakkreditering Innan helse- og oppvekstfag	2022/486	
VS 09/23	Endring av rutine for å akkreditere utdanning innan fagområde	2022/486	
VS 10/23	Løyve til å melde NOKUT om endring i utdanninga Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre.	2022/486	
VS 11/23	Ny visuell profil	2022/486	
VS 12/23	Oppstart av tilbod våren 23	2022/486	

---

**Saksnr:** 2022/486-87  
**Saksbehandlar** Wenche Irene Sætrevik Jensen  
**Dato:** 25.08.2023
 

---



---

**Til:** Styret
 

---

**Frå:** Rektor
 

---

## Rekneskap 2. kvartal 2023

I denne saka vert det lagt fram rekneskap for andre kvartal 2023.

Administrasjon og leing		Regnskap Q2-23	Note	Budsjett Q2-23	Differanse Q2-23
388000	Administrasjon og leing	-64 609 873		-67 123 115	2 513 242
388010	Administrasjon	3 546 757		3 838 397	-291 640
388011	Stab	1 793 120		1 779 861	13 259
388012	Skolelokale/Felles	2 421 606		3 271 194	-849 588
388013	Fagskulestyre	149 789		120 424	29 365
388014	Markedsføring	1 452 411		849 660	602 751
388015	Semester- og studieavgift	-3 051 067		-3 748 500	697 433
388016	IT	20 504		0	20 504
388099	Årsoppgjer (FAH)	-29 557 554	1	0	-29 557 554
<b>TOTAL</b>		<b>-87 834 307</b>		<b>-61 012 079</b>	<b>-26 822 228</b>

Rekneskapen per 2. kvartal syner eit mindreforbruk på om lag 2,5 mill. Noko av mindreforbruket skuldast eit etterslep på variabel løn i samband med innføring av nytt HR- og lønssystem. Posten Årsoppgjer inneheld fondsmidlar og prosjektmidlar.

Undervisning		Regnskap Q2-23	Note	Budsjett Q2-23	Differanse Q2-23
388100	Fagskole felles	11 558	2	0	-11 558
388102	Elektro	241	2	0	-241
388105	IT	3 606	2	0	-3 606
388111	Maritim BERGEN	695	2	0	-695
388120	Undervisning felles	406 414		1 319 472	913 058
388121	Prosjekt	-8 238 878	3	48 520	8 287 398
388122	Bygg Nordnes	8 784 427		8 714 146	-70 281
388123	Bygg Førde	6 785 689		6 750 594	-35 095
388124	Elektro Nordnes	11 739 304		11 201 624	-537 680

388125	Maskin og Prosess	8 267 607		8 511 368	243 761
388126	Elektro og Maskin Førde	5 075 806		5 214 231	138 425
388127	Maritim Austevoll	8 625 538		9 576 698	951 160
388128	Maritim Måløy	4 085 060		4 130 143	45 083
388129	Petroleum og Maritim/Nygård	3 049 050		3 577 722	528 672
388130	Grønne og gastronomiske	2 160 128		2 227 019	66 891
388131	Anlegg Voss	1 664 554		1 813 995	149 441
388132	Helse	2 984 549		2 692 248	-292 301
<b>TOTAL</b>		<b>55 405 348</b>		<b>65 777780</b>	<b>10 372 432</b>

Det reelle mindreforbruket på undervisning er på om lag 2.1 mill. men på grunn av inntektene frå dei nye prosjekta på om lag 8 mill. vert det vist eit mindreforbruk på om lag 10 mill.

Oppdragsverk- semd			Regnskap Q2-23		Budsjett Q2- 23	Differanse Q2-23
388802	Kurs og kompetanse Bergen		-741 405		-1 999 200	-1 257 795

Note		
	1	Prosjektmidler frå 2022
	2	Kontering på "gamle" stader (korrigert i august)
	3	Nye prosjektmidlar + føringar

---

**Saksnr:****Saksbehandlar** Wenche Irene Sætrevik Jensen**Dato:** 17.08.2023

---

---

**Til:** Styret for Fagskolen Vestland

---

**Frå:** Rektor

---

## Ny studentrepresentant i styret for skuleåret 23/24

Det er gjennomført nytt val av studentrepresentant for studentrepresentant til styret for Fagskolen Vestland. Ny studentrepresentant vert valt kvart år, og er valt av og blant studentane.

### Val av studentrepresentant

Studentane vel kvart skuleår éin leiar og to nestleiarar blant dei studenttillitsvalde på fagskulen. Leiar og éin av to nestleiarar vil leie Studentrådet det komande skuleåret. Leiar for Studentrådet vert studentrepresentant i styret og nestleiar vert vara.

Ny studentrådsleiar og studentrepresentant i styret for skuleåret 23/24 er:

- Sigurd Bergsvik – 2. Året Lokal matkultur ved studiestad Hjeltnes

Val av ny nestleiar og vara for studentrepresentant vart utsett då det ikkje melde seg nokon kandiatar.

Saka blir tatt opp igjen på første studentråds allmøte etter studiestart. Møtet finn stad i september

---

**Saksnr:** 2022/486-85**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 07/23	01.09.2023

## Kapasitet ved studiestader

Forslag til vedtak

1. Styret tek saka til etterretning og ber avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse om å svara på om:

1. fylkeskommunen kan sikre at kvaliteten i utdanninga vert ivareteke ved studiestad Voss framover
2. at fagskulen sine arealbehov vert dekt
3. at fagskulen sine arealbehov vert teke omsyn til ved vekst eller endringar ved vidaregåande skular

Samandrag

For å styrke studiestadene ved skulen er det viktig å kunne utvikle fleire tilbod og skape større fag- og studentmiljø. Dette vil også gjere at studiestadene vert mindre sårbare for variasjonar i kompetansebehovet i regionen. Større fag- og studentmiljø vil vidare krevje meir areal ved studiestadene, og rektor er uroa for at plassmangel vil verte eit hinder for å styrka studiestadene i fortsettinga. I verste fall kan dette svekke studiestadene fordi mangel eller reduksjon på tilgjengeleg areal kan leie til lågare kvalitet ved tilboda til skulen. I dag er det spesielt to stader rektor er særskild uroa for, og det er studiestadene Voss og Austevoll. Samtidig har veksten på Nordnes leia til at det er trangt om plassen, både i høve til klasserom og kontorplassar.

Torbjørn Mjelstad  
rektor

Adeline Berntsen Landro  
prorektor

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fagskulen Vestland har ein desentralisert struktur og har dei siste åra vore i vekst. Den største veksten skriv seg til studiestad Nordnes og deretter studiestad Førde. Gjennom arbeidet med samanslåinga av dei to tidlegare fagskulane; Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane, har det vore eit uttalt mål å styrke studiestadene. Dette er også fastsett i skulen sin strategi og har vore særst politisk viktig for fylkeskommunen. Politisk har fagskulen vorte prioritert i mange år, og gjennom dei samanslåingsprosessane som har vore i gamle Hordaland og Sogn og Fjordane, har det vore vektlagt at strukturen skal vere desentralisert med studiestader i heile fylket. Dette skjer i hovudsak gjennom sambruk av vidaregåande skular i fylket.

For å styrke studiestadene er det viktig å kunne utvikle fleire tilbod og skape større fag- og studentmiljø. Dette vil også gjere at studiestadene vert mindre sårbare for variasjonar i kompetansebehovet i regionen. Større fag- og studentmiljø vil vidare krevje meir areal ved studiestadene, og rektor er uroa for at plassmangel vil verte eit hinder for å styrka studiestadene i fortsettinga. I verste fall kan dette svekke studiestadene fordi mangel eller reduksjon på tilgjengeleg areal kan leie til lågare kvalitet ved tilboda til skulen. I dag er det spesielt to stader rektor er særst uroa for, og det er studiestadene Voss og Austevoll. Samtidig har veksten på Nordnes leia til at det er trøngt om plassen, både i høve til klasserom og kontorplassar.

### Studiestad Voss

Ved studiestad Voss har fagskulen eigne areal som vart bygd for fagskulen då nye Voss vidaregåande skule vart bygd. Voss vidaregåande har hatt ein vekst etter at skulen vart bygd, og fagskulen har strekt seg langt i å dele klasserom med vidaregåande for å avhjelpe situasjonen. Studiestad Voss har 2 klasserom.

Like før sumaren vart rektor orientert av fylkesadministrasjonen om at fagskulen ikkje kan nytte begge våre klasserom denne hausten til allereie planlagde samlingar for 1. og 3 klasse anlegg. Grunnen til dette er at det er tatt inn fleire klassar på Voss vidaregåande skule med prioriterte grupper. I samband med dette vart det gjennomført møter, men utan at fylkesadministrasjonen hadde løysingar for fagskulen sine studentar. Til slutt har løysinga blitt at dei to klassane må vere på Park hotell ved samlingane denne hausten. Fylkesadministrasjonen har likevel ikkje trygga styret på at fasilitetane vil sikre at undervisningstilbodet held same kvalitet som i eigne lokale.

Situasjonen ved studiestaden Voss er særst uheldig av fleire grunner. Spesielt er det uheldig at rektor vert orientert særst seint i prosessen utan at fylkesadministrasjonen også har gode løysingar på utfordringa. Dette har bidrege til stor usikkerheit for fagmiljøet på Voss som allereie i fleire år har måtte kjempe for dei ressursane studiestaden har. Kva som skal gjerast til våren er framleis ikkje avklart og bidreg til vidare usikkerheit.

### Studiestad Austevoll

Ved studiestad Austevoll er det ein liknande situasjon. Ved studiestad Austevoll er det akkreditering for Dekksoffiser (to klassar) og Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse (ein klasse). Studiestaden har to klasserom, samt eit simulatorrom, og radiorom. Det er ingen grupperom, og radiorommet har vorte nytta til grupperom for studentane når det er ledig. Til utdanninga Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse fekk me låne naturfagrommet til den vidaregåande skulen i samband med samlingar.

Austevoll vidaregåande skule er i vekst, og dette går på kostnad av fagskulen. Grunna ei auke ved maritime fag på vidaregåande vert det større bruk av fagskulen sitt radio- og grupperom, noko som gjer at studentane ikkje vil ha tilgang til eit grupperom framover. Vidare har Austevoll vidaregåande skule i dag ikkje bruk for naturfagrommet og dette vil skulen såleis endre frå eit spesialrom til eit ordinært klasserom. Dette vil gjere at studentane ved Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse ikkje vil få tilgang til lab-fasilitetar. Såleis får endringar i den vidaregåande skulen sin profil konsekvensar for fagskulen.

### Studiestad Nordnes

Ved studiestad Nordnes har det vore ein stor vekst dei siste åra, blant både studentar og tilsette. Berre frå hausten 2020 til hausten 2023 har talet på studentar auka frå 880 til 1024. Klasseromma og kontora er no fullt belagt, og fleire kontor har blitt gjort om til felleskontor. Med lokalitetane på Nordnes i dag ser ikkje rektor føre seg at det vil vere mogleg med noko særleg vekst framover, samtidig som arbeidslivet etterspør fleire tilbod.

For å sikre at fagskulen har naudsynne lokalitetar til dagens og framtidens drift må fagskulen prioriterast i høve til utbygging og planlegging. Rektor er kjent med at det ligg føre planar for både Austevoll vidaregåande skule og Voss vidaregåande skule, og fagskulen må vere del av desse planane. Når det gjeld studiestad Voss må styret forsikre seg om forsvarleg drift og kvalitet ved tilboda, og at fylkeskommunen tar ansvar for å løyse dette. Det er styret som er ansvarleg for kvalitet i utdanninga etter lov om høgere yrkesfaglig utdanning, men kan vanskeleg ta ansvar for drifta når denne ikkje er føreseieleg frå skuleeigar. Rektor opplev at det sentralt ikkje er ein plan for å ivareta sikker drift av fagskuletilbodet når det vert auka på vidaregåande skule, og slik kan ein ikkje styre.

### Vedtakskompetanse

Jf. fagskulelova § 9 har styret ansvaret for drifta og kvaliteten i utdanninga.

### Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at styret tek saka til etterretning og forsikrar seg om at:

1. fylkeskommunen kan sikre at kvaliteten i utdanninga vert ivareteke ved studiestad Voss framover
2. at fagskulen sine arealbehov vert dekt
3. at fagskulen sine arealbehov vert teke omsyn til ved vekst eller endringar ved vidaregåande skular



---

**Saksnr:** 2022/486-86**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 08/23	09.09.2023

## Løyve til å søkje NOKUT om fagområdeakkreditering innan helse- og oppvekstfag

Forslag til vedtak

1. Fagskulen Vestland vert gjeve løyve til å søkje NOKUT om akkreditering for fagområdet helse- og oppvekstfag.

Samandrag

Innan helsefaga vert det arbeidd mykje med å utvikle nye tilbod og vidareutvikle eksisterande tilbod, og det vil vere føremålstenleg å søkje om ei fagområdeakkreditering innan helse- og oppvekstfag. Dette vil gjere at skulen kan respondere raskare på kommunane og andre helseføretak sine kompetansebehov.

Torbjørn Mjelstad  
rektor

Adeline Berntsen Landro  
prorektor

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fagskulen Vestland har akkreditering for det tekniske fagområdet og har eit system for å akkreditere eigne utdanningar utan å måtte søkje NOKUT om akkreditering. Ei fagområdeakkreditering gjev skulen større fleksibilitet og raskare sakshandsamingstid i høve til å utvikle, akkreditere og starte opp nye utdanningar, men også i høve til å gjere endringar i allereie akkrediterte utdanningar.

Innan helsefaga vert det arbeidd mykje med å utvikle nye tilbod og vidareutvikle eksisterande tilbod, og ei fagområdeakkreditering innan Helse- og oppvekstfag vil gjere at skulen kan respondere raskare på kommunane og helseføretaka sine kompetansebehov. Det er frist 1. november kvart år for å søkje NOKUT om akkreditering av fagområde.

Jf. fagskulelova § 5 tredje ledd kan fagskular søkje om akkreditering for eit fagområde, og fagskular som har ei slik akkreditering vil ha fullmakt til å sjølv opprette og legge ned fagskuleutdanningar innan fagområdet.

Jf. fagskuletilsynsforskrifta kapittel 3 skal eit fagområde vere relatert til eitt eller fleire yrkesfelt og vere tydeleg definert og avgrensa, men samtidig ha tilstrekkeleg breidde til å inkludere fleire utdanningar. Rektor vurderer det slik at skulen kan dekke heile fagområdet helse- og oppvekst. Vidare er det sett krav til storleik og breidde i fagmiljøet, og rektor vurderer det slik at helseavdelinga er stort nok og har god nok breidde og kompetanse til å kunne utvikle fleire tilbod, samtidig som fagskulen har moglegheit til å skaffe ny kompetanse om det er behov for det. Det er også eit krav til samarbeid med yrkesfeltet og dette er også ivareteke i dag, men vil verte arbeidd meir med framover.

I juni sendte regjeringa fagskulelova og fagskuleforskrifta på høyring med mellom anna eit forslag om at fagskular skal kunne søkje om institusjonsakkreditering. Ei slik akkreditering vil gje ein fagskule moglegheit til å opprette og leggje ned tilbod innan kva som helst fagområde. Forslaget til endring i lova og forskrifta seier ikkje noko om korleis dette skal vere innretta, og kva krav som vil bli stilt til ei slik akkreditering. Fagskulen Vestland har som mål og bli institusjonsakkreditert og det kan vere viktig å vise til at ein har meir enn ei fagområdeakkreditering ved ein søknad om institusjonsakkreditering.

### Vedtakskompetanse

Jf. fagskulelova § 9 er styret skulen sitt øvste styringsorgan og er ansvarleg for kvaliteten i utdanninga.

### Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at styret gjev løyve til at fagskulen kan søkje om fagområdeakkreditering for helse- og oppvekstfag innan fristen 1. november 2023.

---

**Saksnr:** 2022/486-88**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 09/23	01.09.2023

## Endring av rutine for å akkreditere utdanning innan fagområde

Forslag til vedtak

1. Rutinar for å akkreditere og gjere endringar i allereie akkreditert utdanning innan fagområde vert vedteke slik det kjem fram av saka.

Samandrag

Kvalitetsutviklingssystemet for Fagskulen Vestland er skulen og styret sitt styringssystem for å vurdere kvalitet i utdanninga. Som ein del av kvalitetsutviklingssystemet har det vore vedteke ei rutine for å akkreditere ny utdanning, eller å gjere vesentleg endring av allereie akkreditert utdanning innan teknisk fagområdegodkjenning. Etter at rutina har vore i bruk ser ein eit behov for å revidere rutinen for å gjere den noko enklare, og for å i større grad tydeleggjere forskjellen mellom akkreditering av ny utdanning og endring av allereie akkreditert utdanning.

Torbjørn Mjelstad  
rektor

Adeline Berntsen Landro  
prorektor

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Rutine for å utvikle ny utdanning
- 2 Rutine for å endre utdanning

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kvalitetsutviklingssystemet for Fagskulen Vestland er skulen og styret sitt styringssystem for å vurdere kvalitet i utdanninga. Som ein del av kvalitetsutviklingssystemet har det vore vedteke ei rutine for å akkreditere ny utdanning, eller å gjere vesentleg endring av allereie akkreditert utdanning innan teknisk fagområdegodkjenning. Etter at rutina har vore i bruk ser ein eit behov for å revidere rutinen for å gjere den noko enklare, og for å i større grad tydeleggjere forskjellen mellom akkreditering av ny utdanning og endring av allereie akkreditert utdanning.

På bakgrunn av dei erfaringane og vurderingane som er gjort er det ønskjeleg å splitt rutinen i to, slik at det vert ein rutine for å akkreditere ny utdanning, og ein rutine for å gjere endring i allereie akkreditert utdanning. Årsaka til dette er at mindre endringar i allereie akkreditert utdanning ikkje skal måtte gå igjennom ein omfattande prosess slik som akkreditering av ny utdanning skal.

Mindre endringar kan vere endring av godkjent studiestad, mindre endringar i læringsutbytte og namn på utdanning eller emne. Det må likevel gjerast ei vurdering av endringane om dei er små nok til at det ikkje vert krav om ny akkreditering. Rutinen gjev såleis ein beskriving av kva som ikkje krev ny akkreditering, og kva som kan krevje ny akkreditering, og at det er akkrediteringskoordinator saman med utdanningsleiar som skal ta stilling til om det er ei mindre endring eller ikkje.

I rutinen for å akkreditere ny utdanning er det også gjort nokre endringar i høve til prosessen for å gjere denne meir smidig. I opphavleg rutine vart det i fase 2 lagt til styret å vedta, basert på ein rapport, om det skal setjast i gang eit arbeid med å utvikle ny utdanning. No vert dette føreslått delegert til rektoratet. Rektoratet vil likevel sørge for at styret vert orientert om pågåande akkrediteringsarbeid.

Rutinane ligg som vedlegg til saka.

### Vedtakskompetanse

Styret er jf. fagskulelova § 9 ansvarleg for kvaliteten i utdanninga.

Rutinane for å akkreditere ny utdanning eller å gjere endring i allereie akkreditert utdanning er ein del av kvalitetsutviklingssystemet som jf. fagskuletilsynsforskrifta § 4-1 skal vere forankra i styret.

### Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget med vedlegg vil rektor tilrå at «Rutine for å utvikle ny utdanning» og «Rutine for å endre utdanning» vert vedteke slik det kjem fram av saka.

## Rutine

### **Rutine for å utvikle ny fagskuleutdanning innan akkreditert fagområde**

#### Ramme

Denne rutinen skal nyttast ved utvikling av ny fagskuleutdanning innanfor akkreditert fagområde.

Alle utdanningar ved Fagskolen Vestland skal vere forankra i skulen sin strategiplan og arbeidslivet sitt behov. Vidare skal utdanningane vere yrkesretta og bygge på fullført vidaregåande utdanning eller tilsvarende realkompetanse. Læringsutbyttebeskrivingane i studieplanane skal følgje nivå 5.1 og 5.2 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Utdanningane skal kunne verte tilbydd på heiltid, deltid, nettbasert studie med eller utan samlingar.

Utdanningsleiar innan aktuelt fagområde er ansvarleg for prosjektgruppa og at rutinen vert følgt.

#### **Arbeidsmetode**

Utvikling av ny utdanning skal gjennomførast i ei prosjektgruppe. Prosjektgruppa skal sørge for dokumentasjon, arkivering og riktig sakshandsaming i tråd med denne rutinen, gjeldande lover og forskrifter.


#### **Krav til dokumentasjon**

For at styret skal kunne fatte vedtak må følgjande verte dokumentert og belyst:

- Arbeidslivet sitt behov og arbeidsmarknaden
- Finansiering av, og kostnader knytt til utdanninga
- Tilgang på kvalifiserte lærarar
- Rekrutteringsgrunnlaget

## Utviklingsprosess

Utvikling av ny utdanning vert gjort etter følgjande prosess:



### Fase 1. Innmeldt behov

Følgjande interessentar kan ta initiativ til å utvikle ei ny utdanning:

- Arbeids- og næringsliv
- Styret for fagskulen
- Skuleeigar
- Offentlege myndigheiter
- Fagråd
- Fagmiljøet ved fagskulen
- Leiinga ved skulen

### Prosjektgruppa skal bestå av:

- Utdanningsleiar for fagområdet
- Faglærer/ar
- Representantar frå yrkesfeltet
- Student/ar

### Arbeidet i prosjektgruppa i fase 1

Prosjektgruppa skal utarbeide ein kortfatta rapport som skal belyse tema og vurderingar som omtalt under. Vidare skal prosjektgruppa konkludere og gje ei tilråding om utvikling og etablering av utdanning som rektoratet skal ta stilling til.

### Om kompetansen og utdanninga

- Kva kompetanse er det utdanninga skal gje?
- Kva omfang (studiepoeng) vil utdanninga ha?
  - Ved utdanningar på mellom 120 og 180 studiepoeng må det sendast særskilt søknad til departementet jf. fagskulelova. Prosjektgruppa må dokumentere at det er spesielle sertifiseringskrav ol. som gjer at det er naudsynt med ei utdanning med eit større omfang enn 120 studiepoeng.
- Korleis passar utdanninga med fagskulen sin strategiplan?

### Behovet i marknaden og berekraft

- Arbeidslivet sitt behov og etterspurnad vert kartlagt gjennom dialog og samarbeid med relevante verksemder og bransjeorganisasjonar innanfor fagområdet.
- Behovet skal verte vurdert både i høve til kort og lang sikt.
- Prosjektgruppa skal også vurdere uvisse for behovet på lang sikt.

### Arbeidsplassar etter utdanning

- Gir utdanninga kompetanse som kan tas i bruk i arbeidslivet utan ytterlegare opplæringstiltak?
- Er det yrkestitlar eller liknande som er beskytta i høve til ny studieplan?
- Er det knytt sertifikatkrav til utdanninga?
- Er samfunnsutviklinga slik at det er forventta at det er eit behov for utdanninga i framtida?
- Kor stor del av studentane ser ein føre seg vil vere i relevant arbeid innan tre månader etter fullført utdanning?

### Finansiering

- Kva er forventta kostnad for gjennomføring av eitt utdanningsløp ved dette studiet?
- Korleis kan utdanninga finansierast? Til dømes offentleg tilskot, studentbetaling utan offentleg tilskot eller anna.
- Vil utdanninga gje:
  - Inntekter?
  - Kostnader knytt til investeringar?

### Samarbeid med arbeidslivet

- Beskriv samarbeidet fagmiljøet har med aktørar i yrkesfeltet og eventuelt deltaking i faglege nettverk som sikrar at utdanninga er relevant for yrkesfeltet.

### Naudsynt kompetanse innan fagfeltet

- Prosjektgruppa må vurdere om fagskulen har, eller kan skaffe, naudsynt kompetanse til å dekke behovet som utdanninga vil ha, både på kort og lang sikt. Prosjektgruppa må fylle ut skjema «Mal oversikt over fagmiljø» og «Mal kravspesifikasjon fagmiljø».

### Fase 2. Avgjerd i rektoratet om utvikling

Basert på prosjektgruppa si rapport avgjer rektoratet om det skal verte utvikla ei ny utdanning. Vidare vil rektoratet, på bakgrunn av rapporten, ta stilling til om utdanninga er i tråd med skulen sin strategi, samt vurdere behov og ressursar.

### Fase 3. Utarbeide studieplan

Om rektoratet gjev sin tilslutnad til å utvikle ny utdanning skal prosjektgruppa arbeide vidare med utdanninga.

Prosjektgruppa kan ved behov få opplæring og støtte frå administrasjonen i høve til studieplans- og akkrediteringsarbeid.

Prosjektgruppa skal samarbeide med relevant arbeidsliv, samt ein studentrepresentant i arbeidet med studieplan.

### **Mandat for Prosjektgruppa**

Prosjektgruppa skal utarbeide studieplanen etter krava i fagskulelova med forskrifter, NOKUT sine rettleiingar og Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Dersom utdanninga regulerast av nasjonale eller internasjonale standardar, konvensjonar og avtalar skal krava til desse vere tilfredsstillt.

Studieplanen skal innehalde:

- Namn på utdanninga
- Opptakskrav
- Omfang (studiepoeng) og forventa arbeidsmengde for utdanninga i sin heilheit og for kvart emne
- Oppbygging og organisering av utdanninga
- Læringsutbyttebeskrivingar og fagleg innhald for utdanninga i sin heilheit
- Læringsutbyttebeskrivingar og fagleg innhald for kvart emne, inkludert eventuell praksis
- Omtale av den indre samanhengen i utdanninga
- Undervisningsformer og læringsaktivitetar
- Arbeidskrav og vurderingsordningar
- Dersom det skal være praksis i utdanninga skal det leggjast ved signerte avtalar om avvikling av praksis jf. fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 fjerde ledd
- Litteraturliste/læremidlar

Fagskulen sin mal for studieplanar skal nyttast.

### Fase 4. Sakkunnig vurdering

Det er akkrediteringskoordinator som har ansvar for å sette ned sakkunnig komité og leggje til rette for at komiteen skal kunne gjere den avsluttande formelle, pedagogiske og faglege vurderinga av studieplanen, samt sette eventuelle premisser for oppretting av studiet. Involverte partar skal ha høve til å kome med forslag til sakkunnige og gje uttale til samansetninga av komiteen. Før studieplan vert sendt til sakkunnig vurdering skal fagskulen sin akkrediteringskoordinator kontrollere at studieplanen er i tråd med lover og forskrifter og eventuelt anna regelverk.

Dersom utdanninga skal gjennomførast på ein annan studiestad enn ved skulen sine etablerte studiestader, skal akkrediteringskoordinator sikre at studiestaden oppfyller krava til infrastruktur jf. fagskulen sine krav.

Sakkunnig komité skal ha kompetanse i tråd med fagskuletilsynsforskrifta § 5-3 og vere sett saman som følgjer:

- Minimum to fagleg sakkunnige som samla skal ha:
  - kunnskap og erfaring innanfor yrkesfeltet
  - pedagogisk og fagleg kompetanse
- Minimum ein av dei fagleg sakkunnige skal vere ekstern.

Sakkunnige vert oppnemnt frå sak til sak. Dei sakkunnige skal signere NOKUT sin habilitetserklæring. Sakkunnige skal ikkje ha vore del av prosjektgruppa.

### **Mandat for sakkunnig komité**

Den sakkunnige komité skal vurdere om:

- læringsutbyttet er relevant for yrkesfeltet og utforma i tråd med NKR nivå 5.1 og/eller 5.2
- kvalifikasjonane læringsutbyttet gir er tilstrekkeleg for å utøve yrket
- fagskulen samarbeider med aktørar i yrkesfeltet og deltar i faglege nettverk som sikrar at utdanninga er relevant for yrkesfeltet over tid





## Fagskulen Vestland Vestland fylkeskommune

- utdanninga har eit dekkande namn
- omfang, faginnhaldet og strukturen er egna til at studentane kan nå læringsutbyttet
- undervisnings-, lærings- og vurderingsformer er egna til at studentane kan nå læringsutbyttet
- opptakskrava er dei rette for utdanninga
- det er krav til eventuelle internasjonale standardar, konvensjonar og avtalar og at desse i så fall er ivareteke
- krav til praksisavtalar er ivareteke, og at praksisretteleiarar har naudsynt kompetanse dersom utdanninga har praksis
- studentane sine arbeidstilhøve, informasjon og velferd er ivareteke
- fagskulen har lærarkompetansen og tilgang til fagressursar som er naudsynt for å drifte utdanninga, samt sensorar som har kompetanse til å vurdere om læringsutbyttet er nådd

Den sakkunnige komiteen skal samanfatta ein rapport der arbeidet vert dokumentert.

Om den sakkunnige komiteen ikkje godkjenner studieplanen vert den sendt tilbake til prosjektgruppa saman med ein rapport med manglar og feil. Prosjektgruppa må gjere naudsynte endringar for at den sakkunnige komiteen kan handsama saken vidare.

### Fase 5. Innstilling om godkjenning og oppretting

Når sakkunnig komité har gjort ei vurdering om at studieplanen er godkjent førebur rektor ei innstilling til styret for fagskulen med vedtak om endeleg godkjenning og oppretting. Rapporten frå prosjektgruppa og frå sakkunnig komité skal følgje saka. Rektor si innstilling må innehalde plan for finansiering og oppretting av studiet.

### Fase 6. Endeleg vedtak i styret om godkjenning

Styret for Fagskulen Vestland er ansvarleg for kvaliteten i utdanninga og gjer endeleg vedtak om godkjenning etter innstilling frå rektor som omtalt i fase 5. Styret gjer endeleg vedtak om start av utdanninga i samband med årleg sak om tilbudsstruktur, om ikkje anna vert bestemt av styret.

Når styret har godkjent ei utdanning eller vesentleg endring av utdanning skal akkrediteringskoordinator melde dette til NOKUT jf. fagskuletilsynsforskrifta § 5-1. Akkrediteringskoordinator skal også melde ny utdanning til administrasjonen som sørgjer for at utdanninga vert meldt inn til Kunnskapsdepartementet, Lånekassen og SSB (NUS-kode). Administrasjonen skal også bestille utdannings- og emnekode.

## Rutine

### Rutine for å endre utdanning innan akkreditert fagområde

Denne rutinen skal nyttast ved endring av utdanning innan akkreditert fagområde.

Styret for Fagskolen Vestland har ansvar for kvalitet i utdanninga og har mynde til å vedta endring av ei utdanning. Alle endringar skal såleis meldast til styret for godkjenning.

Årsaker til å endre kan vere:

- Behov for å tilby utdanninga ved ein annan studiestad
- Endringar av utdanningsform (eks. frå stadbasert til nettbasert)

Vesentleg endring av eksisterande utdanning kan også verte meldt på bakgrunn av funn i fagskulen sin årlege kvalitetsmelding.

Ein må skilje mellom kva som er endring og kva som krev ny akkreditering av utdanning.

#### Endringar som ikkje krev ny akkreditering

- Nytt eller endring av godkjent studiestad

#### Endringar som kan krevje ny akkreditering

- Endring av namn på utdanninga
- Endringar av det samla læringsutbytte
- Endring av utdanningsform

Desse endringane skal vurderast av akkrediteringskoordinator i samråd med utdanningsleiar, og dersom endringane viser seg å vere av større betydning for det samla læringsutbyttet, må det søkjast om ny akkreditering.

Endring av det samla læringsutbytte vil til vanleg krevje ei ny akkreditering. Om det berre gjerast mindre endringar i det samla læringsutbytte som ikkje gjer at innhaldet i utdanninga vert endra, kan det vere tilstrekkeleg med ei endringsmelding.

#### Endring som vil krevje ny akkreditering

- Endring av det samla omfanget (studiepoeng) av utdanninga
- Endring av det overordna læringsutbyttet i utdanninga som gjer at det samla innhaldet i utdanninga vert endra

#### Framgangsmåte for å gjere endring i ei akkreditert utdanning

- Fyll ut «Skjema for å melde endring av akkreditert utdanning»
- Utdanningsleiar skal signere skjema
- Skjema skal sendast til akkrediteringskoordinator



**Sakshandsaming av endringsmelding**

- Akkrediteringskoordinator førebur sak til styret for fagskolen
- Styret fattar vedtak om at endringa er godkjent/ikkje godkjent
- Ved godkjent endring meldar akkrediteringskoordinator endringa til NOKUT
- Administrasjonen må vurdere om det må søkjast om nye koder

---

**Saksnr:** 2022/486-89**Saksbehandlar:** Wenche Irene Sætrevik Jensen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 10/23	01.09.2023

## Løyve til å sende endringsmelding til NOKUT om Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre

Forslag til vedtak

1. Fagskulen Vestland får løyve til å melde NOKUT om ny studiestad på Nordnes for utdanninga «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre»

### Samandrag

Utdanninga «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre» ble lansert som et bransjeprogram med studiestad Luranetunet i Bjørnafjorden kommune. Utdanninga er akkreditert med utdanningsform «nettbasert med samlingar» og utdanningsstad Luranetunet.

Ettersom utviklingsfasen er over, og for å kunne nå breiare ut med dei helsefaglege tilboda er det ønskjeleg å tilby utdanninga som nettbasert med samlingar på Nordnes, i tillegg til dagens akkrediterte utdanningsform. Ei slik endring av føresetnadene knytt til utdanningstilbodet skal godkjennast av styret, og må meldast inn til NOKUT.

Torbjørn Mjelstad  
Rektor

Adeline Berntsen Landro  
Prorektor

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bakgrunn for saka

Denne utdanninga ble utvikla som eit bransjeprogram og akkreditert med Luranetunet som studiestad. Utdanninga er akkreditert av NOKUT som «nettbasert med samlinger».

For å kunne nå breiare ut med dei helsefaglege tilboda, og imøtekome helsetenesta sine behov for kompetanse, er det ønskjeleg å tilby utdanninga på studiestad Nordnes. Ved å tilby utdanninga på Nordnes vil vi appellera til studentar utan tilknytning til Luranetunet, og vi vil også tydeleggjere skulens posisjon som tilbyder av kompetanse innanfor helsefag.

Det følgjer av fagskuletilsynsforskrifta § 5-1 at fagskulen har meldeplikt til NOKUT for nærmare bestemte endringar i utdanningstilbodet, irekna oppretting av nye studiestader, jf. første ledd bokstav b. For å kunne sende endringsmelding til NOKUT må styret stadfeste at skulen har løyve til å melde om endringa. NOKUT vil godkjenne endringa, eller be fagskulen om å søkje ny akkreditering dersom endringa er vesentleg og krev vurdering av sakkunnige.

Vedtakskompetanse

Det er styret for Fagskulen Vestland som fattar vedtak om det skal meldast NOKUT om endring av utdanninga, jf. fagskulelova § 17:

§ 17. Innholdet i utdanningen

Styret skal fastsette en plan for innholdet i utdanningen og bestemme hvordan planen skal gjennomføres. Det skal blant annet fastsettes bestemmelser om obligatoriske kurs, praksisstudier, vurderingsformer og lignende.

Studiepoeng er en betegnelse på læringsutbytte og normert studietid. Et fullt studieår er normert til 60 studiepoeng.

Departementet kan gi forskrift om a) nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk b) et felles vurderingsuttrykk ved eksamen, prøve, bedømmelse av oppgave eller annen vurdering.

Konklusjon

Basert på saksfremlegget vil rektor tilrå at styret gir Fagskulen løyve til å melde NOKUT om ny studiestad på Nordnes for studiet «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre»

---

**Saksnr:** 2022/486-91**Saksbehandlar:** Wenche Irene Sætrevik Jensen

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 11/23	01.09.23

## Ny visuell profil

### Forslag til vedtak

1. Styret vedtek ny logo og visuell profil for Fagskulen Vestland
2. Saka vert sendt til orientering til Fylkestinget.

### Samandrag

Mediebyrået Mediaplus as har på bakgrunn av gjennomført marknadsundersøking, og med innspel frå ei arbeidsgruppe frå fagskulen utarbeidd ny logo for fagskulen, og andre grafiske element som fargar, fontar, og grafiske pynteelement.

Arbeidsgruppa var opptatt av at logoen og den grafiske profilen måtte vere solid, og «ha tyngde», samstundes som den bidrog til ein tydeleg identitet, noko dei opplevde at Mediaplus leverte på.

Torbjørn Mjelstad  
rektor

Adeline Berntsen Landro  
prorektor

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Juni 2021 vart det lagt fram ei ny nasjonal strategi for fagskulesektoren. Strategien peikar på fleire område som det er ønskjeleg å styrke framover.

- 1) Det vil leggjast til rette for vidare vekst i sektoren
- 2) Kvalitetsutvikling av høgere yrkesfagleg utdanning
- 3) Stimulere til framifrå kvalitet
- 4) Høgere kompetansekrav skal møtast med studietilbod på høgere nivå

I Fagskulen Vestland sin strategi for 2023-2027 som vart vedtatt 08.12.2022 er det nedfelt fire strategiske satsingsområde. Eitt av desse handlar om synlegheit. Dei to første punkta innanfor dette området seier at vi skal utvikle ein strategi for synlegheit, marknadsføring og kommunikasjon, og at vi skal utvikle ein heilskapleg profil for Fagskulen Vestland.

Det er forventa vekst i sektoren i åra som kjem, og vi ser allereie at det er større mobilitet i studentmassen. Dette inneber at der studentane tidlegare kanskje søkte seg til den geografisk næraste fagskulen, vil dei i større grad, grunna endra tilbod søkje seg til den fagskulen som tilbyr den fleksibiliteten dei er ute etter. For at Fagskulen Vestland skal oppretthalde sin konkurransekraft og sikre sin posisjon i marknaden er vi avhengig av å ha ein tydeleg profil slik at;

- 1: Vi vert identifisert av studentane som ein fagskule og ikkje ein vidaregåande skule
- 2: studentane klarer å skilje oss frå andre fagskular
- 3: Fagskulen vert meir synleg for arbeidslivet som samarbeidspartnar og leverandør av kompetanse.

### Proessen

Det vart oppretta ei arbeidsgruppe med tilsette frå Fagskulen Vestland for å jobbe med profilsaka. Invitasjon til å vere med i arbeidsgruppa vart sendt ut til alle tilsette i organisasjonen og vi enda opp med ei gruppe beståande av seks tilsette, frå studiestadane våre i Bergen, Førde og Måløy. Vestland fylkeskommune har avtale med mediebyrået MediaPlus AS om annonserings- og kommunikasjonstenester. Denne avtalen gjeld også for Fagskulen Vestland. MediaPlus bidreg mellom anna med medierådgeving, vurdering for best plassering, grafisk design og produksjon og annonseformidling til alle medium. Det var derfor naturleg å nytte MediaPlus også i arbeidet med ny grafisk profil.

I forkant av prosjektet med visuell profil har Mediaplus as gjennomført ei marknadsundersøking for å kartlegge kva kjennskap markanden har til Fagskulen Vestland. Funna frå denne undersøkinga understrekar behovet for ein tydeleg profil.

Den interne arbeidsgruppa hadde første møte 31. januar 2023. Arbeidsgruppa gav innspel på kva dei ønskte seg, og på kva dei meinte var viktig for profilen ut i frå skulen sin identitet. Det har vore god dialog med mediaplus og arbeidsgruppa opplever at dei har tatt innspela dei har kome med på alvor.

